

Nordhordland padleklubb  
Nordre Holsnøy IL  
Kvernbit IL rogruppa  
Nordhordland padleklubb  
Rossland skule

23. okt 2017

Meland kommune

## SØKNAD OM TILTAK FOR PADLING OG ROING

Gjeld opparbeiding / tilrettelegging av området ved Rylandsvatnet ved Rossland skule for umotorisert vannsport; Padling, roing og jollesegling

*Aktuelt område – (sjå og kartutsnitt)*

Del av kommunal eidegdom aust for grusbana og gymsal/symjehall ved Rossland skule, mellom Skintveitvegen ved vestenden av Rylandsvatnet. Mesteparten av arealet omlag 5,5 mål er tilgrodd og kan vel i dag nærmast reknast som utmark.

Søkarane ber med dette om at det på området ved Rylandsvatnet, aust for Rossland skule blir opparbeid/ bygd:

1. parkeringsplass ved Skintveitvegen aust for idrettsplass ved Rossland skule
2. veg frå Skintveitvegen ned til Rylandsvatnet.
3. flytebrygge for utsetting av kano, kajakk, robåter, segljoller
4. ein gruslagt stabil flate på 30x40 m for framtidig naust for kajakk, kano, robåtar, seiljoller

Med *tilrettelegging* meiner ein: parkering, god gangveg fram til vannkanten og flytebryggje for offentleg tilgang og *universell utforming*, dvs.- for rørslehemma, td. rullestolbrukarar. (sjå vedlagde teikningar)

### Bakgrunn:

Meland har sjø på alle kanter og store vatn veleigna for roing og padling. Sjølv om Allemannsretten gjeld i skog og mark, på sjø og vatn er tilgang frå land til sjø og vatn med kajakk, kano eller robåt ikkje alltid like lett. Bryggjer, naustområde og marinaer er dei fleste stader privat. Det er også mesteparten av strandlinia langs sjø og vatn. Langs vatna i Rylandsvassdraget er det bare ved Rossland skule og eit kort stykke ved pumpestasjonen ved Hesdal at Meland kommune eig grunn.

Søkjarane ynskjer å kunne gjera bruk av Rylandsvatnet, Bjørndalsvatnet og Storavatnet til padling, roing og jollesegling.

Denne fritidsbruken er og i samsvar med kommunale planer/ rapporter:

*Forvaltningsplan for Rylandsvassdraget* (Utdrag i referat frå møtet 18. januar -sjå vedlegg)

### Søkjarane sine behov/ynskje:

*Rossland skule* brukar NHIL sine kanoar som ligg i eit lite naust ved Rylandsvatnet. For å kunne gjera meir bruk av Rylandsvatnet til padling og roing i samband med gym og uteskule vil det vera ein klar fordel med gangveg ned til vatnet pluss flytebrygge samt naust til båtane. Skulen treng og meir plass til parkering, særleg i samband med arrangement ved skulen. Opparbeiding av parkeringsplassar aust for idrettsbane vil vera ein klar fordel for skulen.

*Nordre Holsnøy IL* har i dag ikkje tilbod/ grupper i laget som driv med vannidrett men har fire kanoar liggjande i naust ved Rylandsvatnet som medlemene kan låne/leige. Dersom det blir godt tilrettelagt for padling og roing ved Rylandsvatnet kan det bli aktuelt for laget med eigen fritidsgruppe som kan driva med padling, roing og evt. jollesegling.

*Nordhordland padlekubb* har over 200 medlemmer. I dag driv dei hovedsaklig sin aktivitet med utgangspunkt på Flatøy. Her er det kvar veke organisert kajakkpadling. Padlekubben har også lavterskelt tilbod for ein del funksjonshemma personar.

Padlekubben drar også på turar til andre område. Tilrettelegging for padling ved Rylandsvatnet vil laget er difor ynskjeleg.

*Kvernbit IL* har starta eigen rogruppe som ynskjer å drive med roing på dei store vatna i Meland. Rogrupsa treng tilkomst til vatnet, flytebryggje for utsetting av båtar og plass til oppføring av naust.

### ***Alment tilgjenge: til vatna og Skintveitmarka***

Bruk av kajakk har auka svært mykje dei siste år. Einskildpersoner og grupper i lag, organisasjoner og skular gjer ganske mykje bruk av vatna i Ryandsvassdraget. Parkeringsplass, gangveg ned til vatnet og flytebrygger er difor tenkt offentleg/ålmen tilgjengeleg og med universell utforming.

I Skintveitmarka er det opparbeidd turstiar med god merking med skilt for turgåarar. Parkeringsplass ved grusbane ved Rossland skule er og difor tenkt nytta og i tilknyting til dette turområdet.

### ***Utdrag frå Forvaltningsplan for Ryandsvassdraget***

Tiltak 6.6 Delmål og tiltak for friluftslivet i vassdraget og nedbørsfelt. Det er eit mål å styrke og leggja meir til rette for aktivt og mangfaldig friluftsliv i vassdraget og nedbørsfeltet.

Tiltak 2: Det skal etablerast toalettanlegg i tilknytting til framtidig parkeringsplass ved Vikebø/Rylandselva og Hestnesvika.

Tiltak 3. Det skal tilretteleggjast for å gå ut med kano/kajakk i nærleiken av parkeringsplassane.

### ***6.9. Delmål og tiltak for grupper med spesielle behov.***

Universell utforming vert lagt til grunn for alle aktuelle tiltak i planen.

Tiltak 2. Det skal tilretteleggast slik at også personer med nedsett funksjonsevne kan koma ut i kano/båt minst to stader i vassdraget.

### ***Møter om saka: (sjå vedlagt referat)***

Idrettslaga, Rossland skule og representantet frå Meland kommune hadde møte om saka 18. januar.

Møtet på 18. januar var samråystes om følgjande framlegg:

Invitere idrettslag/ grupper og Rossland skule drøftar fremlegget. Dei kan så velja enkeltvis eller samla å bringa saka vidare med søknad til Meland kommunen om regulering av området til idrett og friluftsliv og med eit eventuelt anlegg for roing og padling knytt til området.

Anleggsutforminga må/bør vera slik at ålementa har tilgang til parkeringsplass gangveg til vatnet og til bruk av flytebrygge ved utsetting/ilandtaking av kano, kajakk og robåt. Parkeringsplassen må og vera for brukarar av dei nye stiane i Skintveitmarka. Tilkomst og anlegg må ha universell utforming.

### ***Mandat: frå møtet 18. januar***

Atle Bergseth samordnar vidare arbeid med saka, informerer om eige idrettslag Grunneigarlaget, oppdrettsanlegget «Salar» og nærmaste nabo til området.

### ***Kommentar frå referent (Atle Bergseth)***

Driftsleiar ved Salar bruk (Jørn Fanavoll), leiar grunneigarlaget (Bjarte Skintveit) og Marianne Hellestvedt (naboeigedom Skintveitvegen 43 ) er i etterkant av møtet informert munnleg om møtet og kva saka gjeld. Dei er glad for tidleg informasjon og er i utgangspunktet positive til foreslalte tiltak. Grunneigarlaget og Salar må sjølv sagt drøfte dette internt i sine organ.

## Møte 31. mai

Kvernbit IL rogruppa, Nordre Holsnøy IL og Nordhordland padleklubb hadde møte om saka 31. mai 2017.

### *Konklusjon frå møtet:*

Laga ynskjer at området aust for grusbane ved Rossland skule blir tilrettelagt med parkering, veg ned til vatnet og flytebryggje for utsetting av kajakkar, kanoar og robåtar. Det er også ynskjeleg at det blir planert eit område på omlag 25 x40 m for framtidig oppsett av naust.

### *Finansiering:*

Tiltaket med parkeringsplass, veg ned til vatnet og flytebrygge blir av laga rekna som offentleg tilrettelegging og difor finansiert med offentlege midlar. Denne tilrettelæringa er også i samsvar med «Forvaltningsplan for Rylandsvassdraget» (Sjå ovanfor i utdrag frå planen: Tiltak og delmål.)

Opparbeiding av gruslagt areal for framtidige naust kan vera ein del av kommunalt tilskott til idrettslaga og skulen. Når området tidvis blir brukt av skuleklasser og større grupper som skal ut på vatnet med mange kajakker og kanoar vil det også vera behov for ein litt større samlingsplass. Opparbeid grusplass for framtidige naust vil såleis vera nyttig sjølv om det kan ta nokre år før det blir bygd naust.

### **Søknad til Hordaland fylke om løyve**

For å kunne gjennomføre tiltaket, veg ned til vatnet, flytebrygge og framtidig oppføring av naust må delar av tiltaket truleg godkjennast av Hordaland fylke. Vi ber om at Meland kommune søker fylke om løyve til dette, samtidig tar kostnadene med søknad.

I søknad til Hordaland fylke ber vi om at det blir søkt om godkjenning for naustetomt og oppføring fem langnaust for idrettslag og Rossland skule sin aktivitet og båtar ved vatnet.

### **Kommunale midlar i 2017**

I budsjettmøtet i Meland kommune hausten 2016 blei det budsjettet kr. 200 000 til tiltak for roing og padling. Vi ber om at desse midlane blir bevilga til igangsetting foreslatt konkrete tiltak. Dersom det trengs ytterligare midlar ber vi om at kommunen i 2018 bevilgar det som trengs for fullføre tiltaket. Kommunen kan truleg også søkja om å få dekka inn nokre av kostnadene ved statlege midlar til anlegg for idrett og friluftsliv.

Håpar på positivt svar på søknaden

mvh

Kvernbit IL rogruppa: (Atle Bergseth)

Nordre Holsnøy IL: (Anders Olav Dale)

Nordhordland padleklubb: (Audun Håland)

Rossland skule: (Hogne Brunborg)

vedlegg:

Referat frå møte: (Idrettslag, Rossland skule, kom. representantar) 18. januar 2017

Idéutkast til naust (med parkering, tilkomstveg og flytebrygge)